Førsteblad

**1.**

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 ~~x~~

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. 6

Herad: Odda

Emne: Folkelege Musikkinstrument

Bygdelag: Odda

Oppskr. av: Olav Ragde

Gard: Ragde

(adresse): Odda

G.nr. 27 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Eg kjenner til at smågutar kan laga seg lurar av orebork til å blåsa i, og laga ein burelåt; men elles ikkje noko meir.
Dutan hugsar eg frå eg var smågut, at me i kornskuren um hausten laga oss blåsepipor av halmstrå som me skar ut ei flis ner eit knuke-punkt, og soleis fekk det te å låta. (Lydpipa)

2. Nei det er ukjent for meg. Det einaste som me laga var Seljefløyta til å spela på um våren.

3. Eg veit ikkje av noko serskilde slag av ranglar anna det kunne vera at dei kunne hava eit eller anna i ei tom øskja eller dos, som dei stakk i handi åt småborni og fekk det te å skrangla. Men nokor sers namn var det ikkje

4 Ja det kjenner eg mykje vel. Det var ofte i bruk det å ta eit blad med feste millom tommålstotten og sleikjepotten og baskynas og so med eit kraftig slag med flate handi, og få det te å smella, og likeins med papirposar som ein blés fulle med luft, og so eit slag mot ei flate eller ein vegg. Ogso klokkeblomar

6980
/6980

var mykje i vinden til å smella, serleg revebjella og engsmella. Smellegras som me sa.
Det var no helst born og ungdomen, som hadde moro av dette når dei hadde ei stund.

Med omsyn til svepesmell, so kunne det höva den tid det var mykje hesteskyssing, at dei med hestesvepa kunde få det te å smella i staden for å slå hesten, so var det berre å slå eit slag ut i lufti so det small, og det var nokk.
Ved festlege höve, som brudlaup og slikt var det ofte, at dei laga til nokre kraftige smellar, med det same brudfolki skulde til kyrkje og likeins når dei kom att frå kyrkja, og dette skulde vera til ära for brur og brudgom.
Nokon annan tydnad har eg ikkje högt. Dei vonde maktene var ikkje so mykje vyrde her i bygdé.

5: Nei det har eg aldrig högrt noko um her.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6980